



Jobbnorge ID: 268782

Deadline: 10/27/2024

Website: <https://www.statsforvalteren.no/nb/vestland/>

Scope: Fulltime

Duration: Permanent

Seksjon kommunehelse og -omsorg søker samfunnsengasjert jurist

Assisterande seksjonsleiar

Om stillinga

Helse-, sosial- og barnevernsavdelinga har 65 tilsette i tre seksjonar; kommunehelse og -omsorg, spesialisthelse og sosial og barnevern. Seksjon kommunehelse og -omsorg har 25 tilsette. Arbeidsoppgåvene omfattar tilsyn, handsaming av klager, rettleiing, utviklingsarbeid og ulike forvaltningsoppgåver som til dømes tilskotsforvaltning, førarkort og oppgåver knytte til LIS1-utdanning og turnusteneste. Vi støttar kommunane i deira omlegging for å sikre berekraftige velferdstenester. Seksjonen har og omfattande oppgåver med førebygging og rett bruk av tvang.

Stillinga som assisterande seksjonsleiar er fast og har kontorstad i Bergen eller Leikanger.

Arbeidsoppgåver

- Avlaste seksjonsleiar etter nærare avtale, mellom anna personaladministrasjon
- Gje fagleg støtte og rettleiing til medarbeidarar i seksjonen
- Saksbehandling og rettleiing til innbyggjarar og helsepersonell
- Informasjonsarbeid og anna utoverretta verksemd

Kvalifikasjonar

- Master i rettsvitenskap
- Det er ein fordel med erfaring frå offentleg forvaltning og god kjennskap til kommunale helse- og omsorgstenester
- Leiarerfaring eller interesse for leiarskap er ønskeleg
- Det blir lagt vekt på personlege eigenskapar

Personlege eigenskapar

Vi ønskjer ein samfunnsengasjert assisterande seksjonsleiar med evne til å motivere og følgje opp medarbeidarar, som tek initiativ og medverkar til godt samarbeid.

Som tilsett hos Statsforvaltaren får du

- interessante arbeidsoppgåver
- eit kompetent og tverrfagleg arbeidsmiljø
- ein arbeidsplass i utvikling
- trening i arbeidstida
- heimekontor
- fleksibel arbeidstid
- løn i samsvar med vår lokale lønspolitikk
- medlemskap i Statens pensjonskasse med god pensjonsordning, gunstig bustadlån og forsikringsordning

Vi ønskjer mangfald

Statsforvaltaren ønskjer mangfald, og vil leggje til rette for eit [inkluderande arbeidsliv](#).

Vi oppmodar alle kvalifiserte kandidatar til å søkje, utan omsyn til alder, kjønn, nasjonal eller etnisk bakgrunn, funksjonsevne eller hol i CV-en. Vi oppmodar også om å krysse av i jobbsøklarportalen dersom du har nedsett funksjonsevne, hol i CV-en eller innvandrarbakgrunn. Dersom det er kvalifiserte søkjarar frå desse gruppene, kallar vi inn minst éin søkjar i kvar av gruppene til intervju. [Les meir om dette på Arbeidsgjevarportalen](#).

Vilkår

Alle som søker stillinga må søkje digitalt gjennom rekrutteringsportalen Jobbnorge. Du må laste opp relevante vitnemål og attestar. Vitnemål og/eller karakterutskrifter hentar du frå vitnemålsportalen i Jobbnorge. Har du utdanning frå utlandet legg du ved godkjenning frå NOKUT.

Når søknadsfristen er ute, vurderer vi søknaden din på bakgrunn av informasjonen du har sendt oss. Det er derfor viktig at du både i søknadsbrevet og CV-en, viser korleis kompetansen din fyller krava som er sett i utlysinga.

Dei første seks månadane er prøvetid. Du kan lese meir om det i [statens personalhandbok](#).

Tenestemålet til embetet er nynorsk.

Offentleg søkjarliste blir utarbeida etter søknadsfrist. Dersom du ønskjer å reservere deg frå oppføring må du grunngje dette, og vilkåra i lova må vere til stades. Du får varsel i rekrutteringsportal dersom reservasjon ikkje blir teken til følge.

Om Statsforvaltaren i Vestland

Statsforvaltaren har eit heilskapsansvar for all statleg verksemd i fylket, og skal følgje opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og Regjeringa. Vi skal dessutan fremje fylket sine interesser, og kan dermed ta initiativ både lokalt og overfor sentrale styringsmakter.

Statsforvaltaren kjenner kommunane, og er i kontakt med mange enkeltmenneske i ulike situasjonar og livsfasar. Vi jobbar heile tida for at omverda skal oppleve Statsforvaltaren som tilgjengeleg, nær og løysingsorientert.

Statsforvaltaren i Vestland er ein spennande arbeidsplass med seks avdelingar og kring 280 tilsette. Vi har delt lokalisering mellom Leikanger, Bergen og Førde - med hovudsete i Leikanger.

Additional information

Contact persons:

- Linda Svori, seksjonsleiar
Phone: 57643161 | E-mail: linda.svori@statsforvalteren.no
- Kristin Cotta Schønberg, fylkeslege
Phone: 55572053 | E-mail: kristin.cotta.schonberg@statsforvalteren.no

Place of service:

- Njøsavegen 2 6863 Leikanger (Sogndal Municipality)
- Solheimsgaten 13 5020 Bergen (Bergen Municipality)